



DEN NORSKE KYRKJA

## Gratis bildebank



Nettstaden [design.kyrkja.no](https://design.kyrkja.no) er ein samlestad for arbeid med kommunikasjon og visuell profil. Her er oversikt over logoar, skrifttypar, fargar og du kan lage trykksaker i malverktøy. Her finn du òg eit nasjonalt bildearkiv som alle medarbeidarar i Den norske kyrkja fritt kan bruke. Idag er det over 1300 ulike motiv her – og fleire vil kome i løpet av hausten.

På allmøte kl 09.00 i morgon vil du få ein praktisk introduksjon til korleis du kan nytte søkeord, filtrering og nedlasting i bildearkivet. Bildearkivet ligg bak innlogging, men alle medarbeidarar kan få tilgang heilt gratis.

Allmøtet startar kl 09, varar i ein halvtime og er tilgjengeleg i opptak. På allmøtet vil det òg bli gjeve informasjon om utfordringar og mogelegheiter denne hausten – samt eit innblikk i det økumeniske fellesskapet som skjer på generalforsamling i Kirkenes verdensråd.

[Følg allmøtet på kyrkja.no/allmøte](https://kyrkja.no/allmøte)



## Nytt kurs: 100% MED

Kvar sjette medlem i kyrkja lever med ein funksjonsvariasjon. Dette må kyrkja ta på alvor. Ingen skal bli ekskludert – alle skal med. Då er kunnskap eit viktig verktøy. Eit nytt e-læringskurs gjev konkrete forslag til korleis kyrkja kan leggje til rette.

[Les meir](#)



## Økumenisk storsamling

Denne veka møtest delegatar og representantar frå medlemskyrkjene i Kirkenes verdensråd (KV) til generalforsamling i Tyskland. – Krigen i Europa kjem til å bli berørt på forskjellige måtar, det gjer også den spente situasjonen i Midtausten, seier internasjonal direktør i Mellomkyrkjeleg råd.

[Les meir](#)



## Komitehøyring på Kyrkjemøtet

Kyrkjemøtet samlast i Trondheim 21.-26. september. Som i fjor er det høve til å melde seg på høyring i ein av kyrkjemøtekomiteane. Då må du søke på førehand, innan måndag 5. september. Det er komiteen sjølv som handsamar søknaden.

[Les meir](#)



## Kyrkjene saman, mot slaveriet i vår tid

Global veke er ei økumenisk veke der kyrkjelydar og organisasjonar samla i Norges Kristne råd saman kan setje søkelyset på rettferd. Årets globale veke er 13.-20. november. Kyrkjelydar og grupper lyfter stemma i gudstenester, konsertar, danseframføringar og seminar.

[Les meir](#)

---

## Webinar



### Frivillighet i barne- og ungdomsarbeidet

01. september kl 09.00: [Les mer og meld deg på her](#)

**Syngende menigheter – syngende kommuner: sammen om lokalt kulturliv!**

08. september kl 09.00: [Les mer og meld deg på her](#)

### **Allehelgen med åpen kirke og førstehjelp ved sorg**

15. september kl 09.00: [Les mer og meld deg på her](#)

Sjå full webinaroversikt og opptak av tidlegare webinar på [ressursbanken.no/webinar](https://ressursbanken.no/webinar)

---

## Fekk du med deg desse sakene?



### **Søk om støtte: Aktivitetar for ukrainske flyktingar**

Fellesråd og sokneråd kan søkje om støtte til frivillig arbeid for å inkludere nyankomne ukrainske flyktingar i lokalsamfunnet. Etter første tildelingsrunde i juli er det over ein halv million kroner igjen. Frist for å søke er 6. september.

[Les meir her](#)



### **Bli med på rettferdskonferansen!**

Rettferdskonferansen går av stabelen 18. oktober. Du kan delta fysisk eller digitalt. Spenande bidragsytarar er klare til seminar og musikalske framsyningar.

[Les meir her](#)



### **Nyttige innspel om kyrkja sitt LHBT+-arbeid**

Kyrkerådet inviterte til eit innspelsmøte med skeive organisasjonar som eit bidrag i den vidare forsoningsprosessen mellom skeive og kyrkja.

[Les meir her](#)

---

## Aktuelle høyringar

### **Endring av regler for saksbehandling i liturgisaker**

Høringsfrist 20. oktober. [Les mer om høringen her](#).

---

Nyheitsbrevet vert sendt til tilsette, frivillige, folkevalde og andre interesserte i Den norske kyrkja. Har du fått det videresendt kan du [melde deg på nyheitsbrevet i dette skjemaet](#).

Vil du melde deg av? [Trykk her](#)





DEN NORSKE KYRKJA

---

[krpostmottak@kyrkja.no](mailto:krpostmottak@kyrkja.no)